

LOV OG EVANGELIUM

Utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 9

NOVEMBER 1993

29. årg.

Er du den som skal koma, eller lyt me venta ein annan?

Johannes, som sat i fengsel, fekk høyra om alt det Kristus gjorde. Han sende bod med læresveinane sine og spurde: «Er du den som skal koma, eller skal vi venta ein annan?» Jesus svara: «Gå og fortel Johannes kva de høyrer og ser: Blinde ser og lame går; spedalske vert reine og døve høyrer; døde står opp, og evangeliet vert forkynt for fattige; og sæl er den som ikkje støyter seg på meg!»

Då dei var farne, tok Jesus til å tala til folket om Johannes: «Kvífor gjekk de ut i øydemarka? Ville de sjå eit sevstrå som svagar i vinden? Nei! Kvífor gjekk de dit ut? Ville de sjå ein mann med fine klede? Dei som går i fine klede, held til i kongsgårdane. Men kvífor gjekk de dit ut? Ville de sjå ein profet? Ja, eg seier dykk: Meir enn ein profet! Det er om han dette er skrive: Sjå, eg sen-

der min bodberar føre deg, han skal rydja vegen for deg.

Matt. 11, 2-10.

Johannes var sett i fengsel, og grunnen var at han hadde sagt til Herodes, fylkeskongen, som hadde teke kona åt bror sin, at han hadde ikkje lov til å ha henne. Han levde i hor, som Guds ord forbyr. Dette kosta Johannes til slutt livet.

Men no set han i fengselet med mange tunge tankar, tvilens tankar. Han var sendt for å rydja vegen for Jesus, eit kall han hadde fått frå Gud. Han hadde også fått døypt Jesus, og hørt røysti frå himmelen som sa: Dette er Son min, han som eg elskar, han som eg hev hugnad i: Etter dette begynte Johannes å peika på Jesus og sa: Sjå, der er Guds lam, som tek bort verdens synd.

Det står ingen plass at Jesus besøkte Johannes i fengselet. Men det

var nok ein som var ein flittig gjest hos Johannes, og det var djevelen: Du har teke feil Johannes, du har peika på feil mann. Hadde det verkeleg vore Jesus, så hadde du ikkje sete her, du som har fått kallet frå Gud til å vera vegrydjær for Jesus. Han hadde nok kome og løyst deg ut.

Med sin tvil, vender han seg til han som han var begynt å tvila på: Er du den som skal koma; eller lyt me venta ein annan? Jesus svarar

ved å visa til det som skjer, det som Ordet seier skal skje når Jesus kjem. I Es. 35, 4 osv. står det at Gud kjem sjølv og frelser dykk. Då skal augo åt dei blinde verta opna, og øyro åt dei døve verta opplatne; osv. Johannes blei nok fri sin tvil ved å bli leia inn på ordets grunn av Jesus, som er Ordet. Til æveleg tid, Herre, stend ditt ord fast i himmelen. Salm. 119, 89.

Godtfred Nygård

Den store overraskelse

Tale, holdt av dr. O. Hallesby

Da skal himlenes rike være å ligge med ti jomfruer som tok sine lamper og gikk ut for å møte brudgommen. Men fem av dem var dårlige og fem kloke; de dårlige tok sine lamper, men tok ikke olje med seg; men de kloke tok olje i sine kanner sammen med lampene.

Men da brudgommen gav seg tid, slumret de alle inn og sov. Men midt på natten lød der et rop: Se, brudgommen kommer! gå ham i møte! Da våknet alle jomfruene og gjorde sine lamper i stand. Men de dårlige sa til de kloke: Gi oss av eders olje! for våre lamper slokner. Men de kloke svarte: Nei; det ville ikke bli nok

både til oss og til eder, gå heller til kjøpmennene og kjøp til eder selv.

Men mens de gikk bort for å kjøpe, kom brudgommen, og de som var rede, gikk inn med ham til bryllupet; og døren ble lukket. Til sist kom da også de andre jomfruer og sa: Herre! herre! lukk opp for oss! Men han svarte og sa: Sannelig sier jeg eder: Jeg kjenner eder ikke. Våk derfor! for I vet ikke dagen eller timen. Matt. 25, 1-13.

Jesus forteller her om den siste av alle dager. Han kjenner alle våre dager. Også den siste. Og det er den han vil tale med oss om i dag.

Det første han vil si oss er dette at

de mange på den dag vil oppleve en gruoppvekkende overraskelse: De får den dag se at de er *evig fortapt*.

Hvorfor blir de overrasket?

Noen fordi de aldri trodde det var noen evig fortapelse. Andre tvilte ikke på Bibelens ord om den evige fortapelse. Men de var sikre på at *de* aldri skulle gå fortapt.

Min tilhører! Tror *du* at noen går evig fortapt?

Ja, svaret ville vel bli forskjellig. Men enkelte ville sikkert svare: Nei, det tror jeg ikke. Det tror da vel ikke

noe fornuftig menneske i våre dager.

Er det underlig at Jesus taler om *overraskelse*? På den dag ser disse tvilere og fornektere ikke bare at det er et evig helvete, men også at de selv er evig fortapt. Men andre her ville svare: Jo, jeg tror det som Bibelen sier om den evige fortapelse.

Så spør jeg deg: Frykter du for at *du* skal gå evig fortapt?

Nei, er du gal, svarer du! Jeg, evig fortapt? Nei, aldri!

Er du da omvendt?

Nei.

Hvordan kan du *da* være sikker på at du ikke går evig fortapt?

Jeg *vil* omvende meg, sier du. Det passer ikke for meg nå. Men jeg vil gjøre det *siden*. Og jeg forsikrer deg, det er mitt alvor at jeg vil gjøre det siden.

Jeg spør igjen: Er det underlig at Jesus taler om *overraskelse*?

Ja, men jeg vil omvende meg, innvender du.

Nei, der lyver du for deg selv. Hvis du virkelig ville omvende deg, så ville du gjøre det *nå*, og ikke *siden*. Det gives enkelte ting her i livet som er av den beskaffenhet at de må gjøres *nå*, om de overhodet skal bli gjort.

Sett at du ligger ute på fjorden og holder på å drukne. En mann ser deg, kaster seg i vannet, svømmer ut til deg og sier: Jeg skal redde deg.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse.

Bladet blir holdt oppe av frivillige gaver.

Eksp.: Einar Kristoffersen, Eklundbk. 11,
3770 Kragerø, tlf. 35 99 08 45.

Alt som har med bladets ekspedisjon å gjøre, såsom tinging, oppsigelse og adresseforandring blir sendt dit.

Gaver til bladet kan sendes kasserer M. Frafjord
Postgiro 5 68 21 33.

Red. Einar Kristoffersen, Eklundbk. 11,
3770 Kragerø, tlf. 35 99 08 45.

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Formann Karl B. Bø

Vistnesven. 13, 4070 Randaberg,
telefon og fax 51 41 87 46

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn.
Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3204.10.10222
Bibelskolen på Fossnes, 3160 Stokke
Telefon 33 33 93 98, telefax 33 33 91 40
Bankgiro 2490.45.39496
Postgiro 0825.0771534

Den som da svarer: Ja, jeg vil gjerne bli reddet, men ikke nå, vil du komme igjen i neste uke! – han er enten gal eller så vil han ta sitt liv.

Men det finnes noe menneske i helvete som ikke tenkte å omvende seg *siden*. Det er sikkert den tanke som gir uomvendte mennesker ro og frimodighet til å *utsette* sin omvendelse. Jesus advarer deg igjen i dag. Han sier: Omvend deg nå! «I dag, når I hører Herrens røst, da forherd ikke eders hjerte.»

Hvis vi hadde samtale her i dag, så ville du sikkert spørre meg:

Tror du på evig fortapelse?

Jeg vil gjerne svare.

Og først vil jeg da tilstå at for meg finnes det ingen frykteligere tanke enn den evige fortapelse. Ja, den er så uutholdelig at jeg orker ikke tenke den tanke lenge om gangen.

Jeg vil også tilstå at det var en tid i mitt liv da jeg mente at jeg med min tanke kunne avgjøre disse ting, både himmel og helvete. Den tid er, Guds skje lov, forbi i mitt liv. Nå vet jeg at Jesus er den eneste sakkyndige i disse spørsmål. Ham stoler jeg på, helt ut. Derfor spør jeg deg: Hva har Jesus sagt om den evige fortapelse?

For det første legger jeg da merke til at Jesus *så ofte* taler om den evige fortapelse. Bare i Matteusevangeliet nevner han den tyve ganger.

Hva sier så Jesus om fortapelsen?

I Matt. 12, 32 taler han om den synd som ikke blir forlatt hverken i denne verden eller i den tilkommende. Og i Matt. 25, 46 sier han: Disse skal gå bort til evig pine, men de rettferdige til evig liv. Han taler om ormen som ikke dør og ilden som ikke slokkes i den evige pine. Og han taler om de fortaptes gråt og tennerskjæren.

Hadde Jesus levd nå, ville man sikkert ha kalt ham en *svovelpredikant*.

Vil Jesus *skremme* oss med slik tale?

Å nei, min skeptiske venn, det vil han ikke. Han vet at intet menneskelar seg skremme inn i himmelen. Ikke engang helvete kan skremme oss til omvendelse.

Nei, det er ikke for å skremme oss Jesus taler om fortapelsen. Han som gråt over Jerusalem og ga sitt liv i døden for oss, han har ingen trang til å skremme.

Det er av *kjærlighet* han taler med oss om fortapelsen. Det ville jo ha vært kjærlighetsløst av ham å fortie denne forferdelige virkelighet: evig fortapelse. Han vil advare oss. Han vil vi skal vite sannheten. Han vil vi skal vite hvor *alvorlig* det er å leve, hvor *farlig* det er å leve.

I teksten i dag forteller Jesus om en *enda frykteligere* overraskelse.

Mange av dem som ble omvendt, går også evig fortapt, sier han. Også

de får se det først på den *siste* dag.
Og da er det for sent.

Det er det store *selvbedrag* Jesus her skildrer. Det er ikke *hyklere* Jesus taler om i denne lignelse. Nei, de dårlige jomfruers tragedie var at de bedro seg selv.

Og det er åpenbart at Jesus her vil understreke hvor snublende like de kloke og de dårlige jomfruer kan være i det ytre, mens det i det indre er et svelgende dyp mellom disse mennesker. La oss se litt på denne likhet.

For det første: De ventet alle brudgommen

For det andre: De var alle på vei for å møte ham.

For det tredje: De hadde alle lamper.

For det fjerde: De hadde alle olje i lampene.

For det femte: De gikk sammen.

For det sjette: De kloke skjønte ikke at det var noe i veien med de dårlige.

Dette er for oss som bekjenner at vi er Guds barn. Et rystende ord som burde gå oss alle gjennom marg og ben: De var en gang Guds barn, disse fem, men gikk allikevel evig fortapt.

Nei, sier noen, skal ikke engang leserne være sikre på å bli evig salige, da blir jo det hele hasard, det rene lykkespill. Da nyttet det jo ikke engang å forsøke.

Min venn! Vær rolig. Tror du virkelig det var *dette* Jesus mente med sin lignelse i dag?

Nei, veien til himmelen er av Gud lagt så klar at ikke engang dåreren skal fare vill. Den er åpenbart for de umyndige, sier Jesus.

Det var ingen *slump* at det gikk galt med disse fem.

Hvordan blir man en dårlig jomfru?

For det første: Det skjer aldri ved et *plutselig fall*, men stille og skritt for skritt. Guds Ånd advarer og overbeviser oss daglig. Og det er våre synder han taler med oss om. Og driver oss til selvprøvelse. Men all selvprøvelse er tung. Vår gamle Adam krymper seg under den. Derfor fristes vi til å unnlate selvprøvelsen.

Så kommer det en liten synd som vi har særlig kjær, og som vi derfor begynner å unnskynde og forsvare. Da blir vi *redd* for selvprøvelsen. Da blir vi også redd for lønnkammeret, for der peker Ånden på denne vår kjære synd, som vi ikke vil bekjempe.

Da er *freden* borte.

For Guds Ånd trøster ikke sjelen lenger. Og så begynner man å *trøste seg selv*. På forskjellig vis: Man trøster seg med sin vekkelse og omvendelse. Man trøster seg med de troendes tillit. Man trøster seg med

sitt kristelige arbeid. Og man trøster seg med at dette arbeidet lykkes.

Blir man allikevel urolig en gang imellom, så trøster man seg med at den troende skal ha frykt og beven.

Og dermed er man lydløst glidd over fra den levende tro til den døde. Og den døde tro, sier Pontoppidan, er en falsk innbilning som menneskene gjør seg om å få nåde enskjønt de ikke vil omvende seg.

Ja, Pontoppidan har rett: Ingen beroper seg mer på nåden enn den døde tro. Nåden kan brukes som en god sovepute for en dårlig samvittighet.

Og i dag er det megen dårlig samvittighet i Norge. Disse krigens år har fart ille med mange mennesker her i landet. Men mon noe har fart så ille som samvittigheten? Mon det er noen av oss som har gått fri? Mon det er noen av oss som ikke har fått sin samvittighet skadet?

Vi ber om vekkelse. Og det er rett. Alt det vi har sett i disse tre år etter frigjøringen, sier oss at det er vekkelse Norge trenger i dag mer enn noe annet.

Men, kjære venner, vi trenger vekkelsen selv, du og jeg. Det er alene gjennom vekkelse Gud kan helbrede oss for den dype skade som krigsårene har slått i vår samvittighet.

Vil du *denne* vekkelse?

Her er vi sikkert ved det avgjø-

rende spørsmål, når det gjelder den *landsvekkelse* vi er blitt enige om å be om.

Her er vi også ved det punkt som skiller mellom de kloke og de dårlige jomfruer.

Det sitter mange her i dag som spør med bevende hjerte:

Min Jesus, er jeg en av dem?

Vil du meg kalles din?

Står jeg for deg som hine fem med lys i lampen min?

Og da du hørte teksten opplest i dag, så tenkte du: Jeg må vel få høre noe i dag som kan hjelpe meg til å prøve meg selv, om jeg er en av de kloke jomfruer.

De kloke jomfruer har klare og tydelige kjennetegn, som for det åndelige øye er lett å se, i allfall når vi ser dem hos *andre* troende.

Og det første kjennetegn jeg vil nevne, er just dette at de aldri blir ferdige med spørsmålet: Er jeg en sann kristen, eller bedrar jeg meg selv?

De er i det hele ikke ferdige.

Deres kristendom er aldri ferdig. Derfor heller ikke deres selvprøvelse. De har fått den hellige mistenk somhet i fødselsgave. Mistenksomhet, ikke mot andre, men mot seg selv. Derfor *hører* de når Ånden advarer og overbeviser. Ja, de *rammes* av sannheten, og kjenner seg ofte forferdet for Herrens ord. De tar dommen over seg.

Derfor er det oftest *smått* med dem.

Smått med anger og sorg, smått med tro og kjærlighet, smått med bønn og andakt, smått med frykt og beven. Og smått med det tjenende sinn. Derfor er de også jevnlig i nød, som gamle Nordsletten synger:

*Jeg er ofte i frykt og fare
og tenker alt i selvbedrag.*

*Jeg synes livet ei vil svare,
som når det rett var hjertets sak.*

Men se nå det som *skiller* dem fra de dårlige jomfruer. De legger all sin fattigdom fram for sin Frelser. Uten forsøk på å unnskynde eller forsvare seg. De kan ikke leve uten dette. Og de har en slik mistillit til seg selv at de heller ikke stoler på sin egen selvprøvelse. Derfor ber de som den gamle salmist: «Ransk meg, Gud! Og prøv mitt hjerte! Se om jeg er på fortapelsens vei, og led meg på evighetens vei!»

De kan ikke leve uten å vite hva Gud mener om deres kristendom.

Men hvis du tror at disse redelige sjeler lever i stadig tvil og pine, så tar du grundig feil. De som *sørger*, skal *trøstes*, sier Jesus. Og det er Gud selv som trøster dem. Og det gjør han både i Ordet og i nattverden og i bønnen og i de helliges samfunn. Ånden forklarar Kristus og korset for dem, inntil freden og vissheten legger seg som frisk dogg over deres visne hjerte. Han sender

bibelord og salmevers og hellige tanker som stille snødryss nedover deres innvortes menneske, så de ofte bryter ut med kong David: Mitt beger flyter over!

Men: De lever stadig fra hånd til munn. Det varer ikke lenge før deres våkne samvittighet igjen oppdager noe som gjør dem urolige. Og så begynner de igjen å prøve seg selv.

Se, slik går det for seg, det som Paulus kaller å *stride troens gode strid*. Luther uttrykte det så: Troen lever ikke lenger enn den strider.

Og denne strid er det som holder oss våkne, så vi hver dag trenger Kristi kors og forsoningens blod. Og: Så vi er rede når brudgommen kommer, og får gå inn med ham til det evige bryllup.

*Hvor salig er den lille flokk
som Jesus kjennes ved!*

*I ham, sin Frelser, har den nok
nu og i evighet.*

*Ja når kun du som all ting vet,
hos meg kan finne kjærlighet
og kjenne meg i blant din flokk
som din, så har jeg nok.*

Amen.



Du og ditt hus

Av Amund Lid

Kanskje du er ein av dei som går og stirr med spørsmålet: Kva skal eg gjera for å bli frelst? Eller kva skal eg gjera for at mine skal bli frelst? I Bibelen møter me nokre slike som deg, og dei får alltid det same svaret på spørsmålet sitt: «Tru på den Herre Jesus, så skal du bli frelst, både du og huslyden din.» Ap.gj. 16, 31.

Nå kjem du truleg med eit nytt spørsmål: Eg får det ikkje til å tru, kva skal eg gjera for i kunna tru? Til det svarar Bibelen: «Halla øyra hit og kom til meg! Høyr, så skal sjela di leva.» Esa. 55, 3. «*Så kjem då trua av forkynninga, og forkynninga ved Kristi ord.*» – Rom. 10, 17.

Då Peter forkynte ordet om Jesus, forlating for syndene ved hans blod, for Kornelius og huslyden hans, kom dei til trua og fekk Den Heilage Ande og blei døypte både han og huslyden hans. Ap.gj. 10. Så det einaste du kan gjera for å koma til trua og bli frelst, det er å sokja Jesus ved å lesa Ordet og høyra det forkynt og gjera etter det. Meir kan ikkje du gjera, for trua *kjem til deg ved Ordet om Jesus*, han som er trua sin opphavsmann og fullendar. Hebr. 12.

Og vil du gjera noko for at borna dine og huslyden din skal bli frelst, så er det same vegen for dei. Fortel dei om Jesus, les ordet og evangeliet om

Jesus for dei, og ta dei ofte med der ordet blir forkynt.

Når borna er små spør dei mykje og vil gjerne høyra om Jesus, og dei kjem ofte til deg med bøn om å fortelja og lesa for dei. Det er den langlege tida, som ikkje kjem att. Gud lærer Israel korleis dei skal vinna borna sine for Gud i 5. Moseb. 6, 6-8: «Og desse orda som eg lærer deg nå, dei skal du gøyma i hjarta. Og du skal prenta dei inn i borna dine og tala om dei når du sit heime, og når du gjeng etter vegen, og når du legg deg, og når du ris opp att. Og du skal binda dei om handa di til eit merke og bera dei som ein minnesetel på panna di.»

Eg har mykje å trega på og be om tilgiving for, som far og som prest i mitt hus, men ikkje noko er så vondt å tenkja på som at eg ikkje nyttar betre den langlege tida å fortelja borna min om Jesus og lesa om han for dei. Eg vil ropa så høgt eg kan, til deg som er mor eller far og er så lukkeleg at du har ein heim og ein barneflokk: Nyttar tida medan dei spør og gjerne vil høyra om Jesus. Du skal vita det, at om ikkje lenge så sluttar dei å spørja, og det kjem ein dag då dei ikkje vil høyra om Jesus. Då nyttar det lite å masa og klandra dei, då driv du dei berre lengre bort. Då kjem di tid til å trega, gråta, syrgja og lida og sjå til-

bake på dei spilte anledningane, og til å stå andlet til andlet med ein mislukka far eller mor.

Er du som les dette ein av dei, så vil eg seia at du må ikkje missa motet. – Du har ein open veg å gå, *inn til Jesus*, han som forstår deg, som kan tilgi synd. Han som lækte Malku's øyra og oppreiste Peter i hans fall, han kan også oppretta det du gjorde feil – eller ikkje gjorde. Nå nyttar det lita å tala *til* borna dine, men du kan tala med Jesus *om* dei, han som freleser den fortapte.

Eg vil be deg lesa orda frå Gud i Johs. 15, 7-1. Johs. brev 5, 14-15 og Mark. 11, 24. Det som er umogleg for menneske, det er mogleg for Gud, for «Alt er mogleg for Gud». Mark. 10, 27.

Men er du ennå så lukkeleg å vera ung, og har ein heim – og barn som spør og ennå vil høyra. Då vil eg få be deg om å bruka den langlege tida. «Tenk på din skapar i ungdomsdagane, før dei vonde dagane kjem, og det lid til dei åra då du lyst sei: Eg likar dei ikkje. Preik. 12, 1. Får djevelen ta denne tida frå deg, så er det også stor fare for at han reiser med borna dine. – Han vil syta for at du har så lita tid, at du er uopplagd, nett nå, så det lyst vera til sidan. Eller han er borti kona eller mann eller born, så han gjennom dei får deg sint, og då gjer han det klart for deg at slik som du er, kan du ikkje lesa Guds ord, og med eit slikt sinn nyttar det ikkje å tala for andre.

Det lyst vera til sidan. Slik stel han ti da frå deg, dag for dag. Dei unge har også ei tid då dei ofte bed om å få vera med deg til foreining, møte og andre stader der Guds ord blir forkynt. Du mor og far, kva svarar du dei då? Mange vil ikkje ha dei med, for dei vil vera fri dei der. Kanskje du er av dei som ikkje toler born på møta? Eller du er av dei som gjerne vil ta dei med, men du vågar ikkje, for dei som ikkje toler born på møta. Du blir heit og kald berre ved tanken på dei iltre augnekasta du har fått. Mor og far, kva er mest verd: Barna si frelse, eller å stå i gunst hjå eigenkjærlege sjeler som berre tenkjer på seg sjølv?

Bibelen fortel om mødrene som tok borna sine med til Jesus, og om lærersveinane som i si tankeløysa prøvde å hindra dei. Då tala Jesus til dei og sa: «Lat borna koma til meg, og hindra dei ikkje, for Guds rike høyrer slike til.» Så ta dei med til foreininga, til møta, og andre stader der Guds ord blir rett forkynt. Den dagen kjem før du anar, då *du* vil ha dei med, men då vil ikkje *dei*.

Men på andre sida, så kan du sjølv vera årsak til at nokon ikkje toler born på møta, for dei har ikkje lært å sitja i ro. Det skal du ikkje læra dei på møta, men i heimen din. Syt du for at dei aldri får gå frå bordet før de er ferdige, og at dei lyst sitja i ro medan de held andagt i heimen, så kan eg lova deg at dei også sit i ro på møta. Haldt dei fast i fanget medan dei er

ganske små, då lærer dei fort. Litt skrik gjer mindre i heimen en på møta. Her syndar mange foreldre grovt mot borna sine, for det er så mykje lettare å la dei gå – i første omgang.

Eg er redd for at satan har lurt oss, og fått skilt borna ut frå samfunnet av dei heilage. Som ganske unge går borna til sundagsskulen, medan foreldra går til kyrkje eller bedehus. Sidan går borna til barnemøte, medan foreldra går til møte for vaksne. Og deretter blir dei skilde frå i yngres, i ungdomsforeiningar, og som det siste me har overteke frå verda: Ungdomstreff. Når dei så blir så gamle at dei skal over i dei eldre sine rekkjer, så er dei framande der og kjenner seg ikkje heime. Har du tenkt over korleis det ville gå om me gjorde slik på det menneskelege område – heimen og samfunnet? At dei unge blei skilde frå i ung alder, for å klara seg sjølv og styra seg sjølv.

Samfunnet av dei heilage er heimen for Guds barn på jorda, på same måte som heimen er det i samfunnet her, – ein åndelege heim. Der blir du fødd inn når du blir fødd på ny, og der ville Gud du skulle få mat, veksa i nåde og kjenskap til din Herre og frelsar, få rettleiing og lærdom, tukt og trøst, så du kan nå fram til mogen manndom og bli tilbudd til å gjera teneste. Les Efes. 4, 1-16.

Her treng dei unge dei eldre, og

dei eldre treng om dei unge. Ein heim utan unge, og eit samfunn utan unge, dei er båe to ikkje det dei skulle vera, og vil bli det siste slektledd. Slik er det også med det åndelege samfunnet. Blir det ikkje fødd unge inn i samfunnet av dei heilage, og består det ikkje av unge og eldre, så er det eit forkrøbla samfunn som er på dødens veg. Ein ting som gled mitt hjarta mykje, det er å sjå unge og eldre samla, frå spebarnet på mors fang til oldingen med stavrande gang, i foreiningane, møta og sumarskulane våre, lyttande til Guds ord. Her ligg vår framtid og vår oppgåve, å samla det som er skilt – til eitt i Kristus og i samfunnet av Guds folk.

Far og mor, ta borna og dei unge med deg til foreiningane, til møta og til sumarskulane og årsmøta!

Du synest kanskje det blir dyrt å reisa så mange. Men då vil eg seia: tenk over kva det gjeld – *borna dine og deira frelse*. Du får heller spara inn på litt av det skadelege og unyttige, og om det trengs, er det betre med mindre mat for lekamen. Her gjeld det sjela, og sjela sin mat. «Kva batar det eit menneske om han vinn heile verda, *men taper sjela si?* Eller kva har eit menneske å gi i verderlag for sjela si?» Slik vurderar Jesus.

Liflig er duften av dine salver, ditt navn er en utgytt salve

Høys. 1, 3

Det å salve seg var en alminnelig skikk blant østerlandske folk. Det var bare fattigdom og offentlig sorg som hindret dette. Salveoljen er et bilde på det behageligste og fineste i livet, på glede og velvære. Messias, d.e. Kristus, betyr den salvede. Han er salvet fra evighet. Ordspr. 8, 23. Kjærlighetens salme 45, der hjertet strømmer over med liflig tale: «Min sang er om en konge... Du er den fagreste blant menneskenes barn, livsallighet er utgytt på dine lepper. v 8. Du elsker rettferd og hater ugodelighet, derfor har Gud din Gud salvet deg med gledens olje fremfor dine medbrødre.»

Paulus forkynner Jesus for Cornelius hus Ap. gj. 10, 38: «...hvorledes Gud salvet Jesus fra Nasaret med den Hellige Ånd og kraft, han som gikk omkring og gjorde vel og helbredet alle som var overveldet av djevelen, fordi Gud var med ham. Han var altså salvet med Den Hellige Ånd og kraft.» Velsignet for oss syndere. Esaias, det gamle testamentets evangelist, sier i sitt 61. kap.: «Herrens, Israels Guds Ånd er over meg, fordi Herren har salvet meg til å forkynne et godt budskap

for de saktmodige; han har sendt meg til å forbinde dem som har et sønderbrutt hjerte, til å utrope frihet for de fangne og løslatelse for de bundne, til å utrope et nådens år fra Herren og en hevnens dag frå vår Gud, til å trøste alle sorgende, til å gi de sorgende i Sion hodepryd i stedet for aske, gledens olje istedet for sorg, lovprisnings klædebon istedet for en vansmektet ånd, og de skal kalles rettferdighetens terebinter, Herrens plantning til hans ære.» Terebint var et løvtre som ble høyt verdsatt fordi det utsondret en vel-luktende, gjennomsiktig harpiks. Den som har Jesus til sin frelser, er som det står i 2. kor. 2, 15: «For vi er en Kristi vellukt for Gud, blant dem som blir frelst, og blant dem som går fortapt.» Likesom dem som lever *i* verden og *for* verden, i djevelens tjeneste, lukter død, så lukter det av en kristen, Kristi vellukt. Det merkes på et menneske når det lever i samfunn med Gud. Da er det en Kristi vellukt.

La oss leve nær Jesus, slik at de som vi omgås med, kan merke at vi søker det som er der oppe. Kol. 3, 1-4.

Apotekeren oppbevarer sine salver i *forseglede glass*. Jesus *utgyter* sitt navns vellukt. Mark. 16, 15: «Gå ut i all verden og forkynn evangeliet for all skapningen!» Det er salve nok. Det er det store, at det Jesus har gjort for oss, det gjelder alle. Han døde for alle. Derfor må budskapet ut. Det er nøden i Guds barns hjerter, nøden for de ufrelste.

Vi vet jo at skal de nås, så må det skje at Jesus blir deres eneste håp, for «det er ikke frelse i noen annen; for det er heller ikke noe annet navn under himmelen, gitt blant mennesker, ved hvilket vi skal bli frelst». Ap. gj. 4, 12. Ofte må vi gråte over vårt lands situasjon, våre nære som lever borte ifra Gud. Les Salme 126: «De som sår med gråt, skal høste med fryderop!» Vi må ikke glemme at vi har med en Gud å gjøre, som ikke har forandret seg. Han vil at alle mennesker skal bli frelst og komme til sannhets erkjennelse. Jesu-navnet er en utgytt salve. Hvilken nåde. Da Jesus skulle gå til sin lidelse for oss, ble han salvet av Maria, og huset ble fylt av salvens duft. Når Jesus blir forklaret for hjertet, når en synder får se inn i forløsningen, den uforskylte nåde, da «sitter kongen ved sitt bord». Høys. 1, 12: «Så lenge kongen satt ved sitt bord, gav min nardus sin duft.» «I dette er kjærligheten, ikke at vi har elsket

Gud, men at han har elsket oss og sendt sin Sønn til soning for våre synder.» Han har elsket!

Dette er årsak til at vi kan salve oss med gledens olje istedet for sorg. Vi kan si med David i Salme 4, 8: «Du har gitt meg glede i mitt hjerte, større enn deres når deres korn og most er mangfoldig.»

Vi kan si sammen med Maria: «Min sjel opphoyer Herren, og min ånd fryder seg i Gud, min frelser.» Luk. 1.

Hanna synger en lovsang for Herren, 1. Sam. 1-10. Hun hadde i troen fått se Herrens salvede. Måtte Gud gi oss dette salige syn; da blir det som det står i Salme 23: «Du dekker bord for meg like for mine fienders øyne, du salver mitt hode med olje; mitt beger flyter over. Bare godt og miskunnhet skal etterjage meg alle mitt livs dager, og jeg skal bo i Herrens hus gjennom lange tider.»

Jesu-navnet er en utgytt salve, og Gud være takk for sin usigelige gave. 2. Kor. 9, 15.

Olaf Klavenæs

Helging

Frå boka «Kristus vårt liv» av Ludvig Hope

Sidan me då har desse lovnader, mine kjære, so lat oss reinsa oss frå all ureinskap på kjøt og ånd og fullføra vår helging i Guds age. 2. Kor. 7, 1.

Ordet om rettferdiggjering og helging er dei to store sanningar som møter oss menneske og skal føra oss inn i samfunn med Gud, så me i dette samfunn kan veksa i guds frykt og gode gjerningar.

Helging er å verta eit betre menneske, *fordi* eg er ein kristen.

Rettferdiggjering det er at me for Kristi skuld er frie frå syndestraff og syndeskuld, *fordi* det *han* gjorde, er ved tru tilrekna oss. Ein skuldig vert lyst rettferdig på ein annans rekning. Det som er utanfor oss, er tilrekna oss.

Om det difor kan vera mange ting i vårt liv som ikkje er som dei skal vera, så er me likevel Guds born ved trua på Jesus. Frelse eller fortaping har såleis ikkje sin grunn i at *ein* er fullkommen og *ein annan* ufullkommen, men i tru eller ikkje-tru på Jesus.

Å vera eit Guds barn er på den einaste sida å tru at det Jesus er, det er nok for Gud, og at det Jesus er, det er mitt. Dernest er det ved denne tru kveikt liv av Gud i vårt fortapte liv, og dette gudslivet er det som skal veksa opp i oss større og sterkare.

Det vonde i oss skal døy, og heile vår person skal verta omskapt etter Guds biletet.

Pontoppidan seier at det gamle menneske skal druknast, drepast og døy. Skilnaden på helging og rettferdiggjering er den at rettferdiggjeringa er gjort i ein augneblink; men helginga varer livet ut. Rettferdiggjering er utløysing frå synd, skuld og straff, helging er utløysing frå synda si makt. *Rettferdiggjering er liv i Gud, helging er at dette liv i Gud veks.*

Den gamle Adam er ikkje vår *kropp*, det er det vonde i vår sjel og ånd, i vår tanke, lyst, kjensla og karakter. Det gamle menneske er alt det i oss som ikkje er av Gud, og som ikkje vert styrt av Gud. Og dette skal me vinna over i Kristi kraft, og gudslivet skal veksa.

Som sevja om våren stig opp mellom bork og ved til den høgste topp på den smalaste grein, og som eikelauvet, som den hardaste vinterstorm ikkje sleit laus, dette for det vaknande vårliv, såleis skal det som er av Gud, veksa fram i meg.

Det er helging.

Også til dette er Kristus gitt oss av Gud.

Men korleis kan Kristus verta mi helging?

På dette spørsmålet har Guds folk grunda mykje ned gjennom tidene, og for kvar ny tid kjem det fram att med krav på svar. Vårt liv er innlove i synd, og den kristne lengtar av heile sin hug etter å bli synda kvitt og leva etter Guds vilje. Når så dette lukkast lite, når sjela får sår i striden, og me må skamma oss fordi me er därlege stridsmenn, då vaknar det spørsmålet pånytt og pånytt:

Korleis skal eg få meir av Guds kraft?

Når me kristne skal prøva å finna eit svar på dette store spørsmål og i ord klårleggja det for kvarandre, er det svært for oss å verta einige. Lat meg få nemna nokre av dei svar som er gitt.

Sume liknar helginga med veden i ein omn. Når det er sett eld på veden, så brenn han, og når veden brenn, vert det varmt i stova. Ein treng såleis ikkje be omnien gi frå seg varme, han må varma fordi veden brenn. Såleis meiner dei at helginga går av seg sjølv, når ein har fått liv i Gud.

Andre meiner at dei er ferdige med alt, at Kristus er vår helging *på same måte* som han er vår rettferd, såleis at me har vår helging i Kristus ved tru, akkurat som me har vår rett-

ferd i han ved tru. Desse menneske er det som kjem inn i den falske meinings at dei ikkje har ansvar for sine synder, ja, helst trur at dei er frie for synd. Om dei ikkje heilt vågar å nekta at dei gjer noko gale, så er det ikkje dei som har skulda, men satan.

Den tredje læra om dette er at når me på ein særer måte vert døypte og fylte med Guds ånd, så vil helginga gå av seg sjølv. Til stød for denne meinings brukar dei ofte desse orda:

«De er døde.» «Gud er den som verkar.» Kol. 3, 3 og Fil. 2, 13.

Dermed skulle det vera sagt oss at alt vert gjort av Gud, meiner dei. Når så andre trur at det må strid og arbeid til også frå vår sida, at me har ansvar for vårt kristenliv, så er dei med ein gong ferdige til å tala om lovtrældom og kristendom utan åndskraft.

Men det er *det* å merkja seg ved desse orda: «De er døde» – og «Gud er den som verkar», at det står meir som ein må ta med, skal ein få fram den rette meinings. Det står: «Difor min kjære, liksom de alltid har vore lydige, so arbeid ikkje berre som i mitt nærvære, men no endå meir i mitt fråvære, på dykkar frelsa med age og otte. *For Gud er den som verkar* i dykk både å vilja og verka etter hans hugnad.» Fil. 2, 12-13.

«*For de er døde*, og dykkar liv er løynt med Kristus i Gud. Når Kris-

tus, vårt liv, vert openberra, då skal og de verta openberra med han i herlegdom. So *døyd då* dykkar jordiske lemer —» Kol. 3, 3-5.

Ein ting skulle eg tru me alle må vera einige om: at i Jesus Kristus er det nok kraft også til helging. Som han er stor i sit frelsarverk, er han også stor i si frelsarkraft. Det er difor ikkje spørsmål om han kan, men om der hjå oss er rom for hans nåde-kraft.

Har då me som kristne noko an-svar for dette, eller er det Gud som gjer alt?

Den gong Gud kalla oss til frelse, til sine born, då måtte me velja anten me ville la oss frelsa eller ei. For so vidt låg det i vår hand om me skulle verta frelste. Difor seier Gud: Den som vil, kan koma. Ansvaret vert lagt over på oss. Når så du eller eg ikkje vert frelste, så er det ikkje Guds, men vår skuld.

Men når eit menneske såleis har ansvar for si sjel *før* det vert ein kristen, skulle det så vera utan an-svar *etter* at det fekk liv i Gud?

Slikt er meiningslaust!

Når den som er død i brotsverk og synder, skal stemnast fram for Kristi domstol og ta ansvaret for at han går fortapt, så må nok den kristne ha ansvar for korleis han lever som kristen. Dersom Gud gjorde alt, så ville han gjera alle sine born like snille og gode. Men livet viser oss

klårt nok at det er me ikkje, og då må det vera vår skuld.

Nei, me er ikkje ein omn eller eit stykke tre, me er menneske med sjel, ånd og vilje, og difor steller Gud med oss som menneske, som frie skapingar. Bibelen – helst det nye testamente – er full av manande ord til den kristne om å veksa i nåde og i kjennskap til vår Herre og Fre-lsar, Jesus Kristus. Og her legg Guds ord ansvaret så heilt på oss at det stundom ser ut som me skulle bera det åleine.

Frå blad til blad i vår bibel er det sagt oss: Vak, bed, strid, legg av det vonde, bruk flid, reinsa dykkar sje-ler og klæd på dykk Guds fulle her-klædning. *Me skal gjera det.*

Alt ihoplagt er kunsten for oss å finna løyndomen i denne sanning:

Arbeid – for Gud er den som ver-kar:

Når eg så skulle prøva å finna fram litt av det me må gjera til vår helging, vil eg nemna to ting:

1. *Me må bruka Guds ord og bøn.*

Når me gjer dette, vil Guds ånd syta for å leggja livskraft i vårt hjar-ta. Då verkar Gud.

(forts. neste nr.)

NYTTÅRSSAMLING

på Bibelskolen på Fossnes i Vesfold,
29. des. - 1. januar.

Bibeltimer og møter. Festsamvær nyttårsaften.

Pris: Over 16 år: kr. 250,-
Under 16 år: kr. 150,-
Barn u/7 år: gratis

Påmelding til Lars Fosdal, Fossnes, 3160 STOKKE, tlf. 33 33 94 16
– innen 20. desember:

Detaljert program sendes alle som melder seg på.